



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 24.02.2022
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 12:00 - 16:00

12 – 12.45 orientering NAV Fensfjorden + Kompetansesenter for ungdom
12.45 – 13.15 orientering Statsforvaltaren kring prosess oppdrag kring bevaring av verdifull natur i kategorien nasjonalpark, Masfjordfjella

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Erlend Kvamsdal	H	Medlem
Bjarte Andvik	H	Medlem
Atle Nordland	H	Medlem
Arne Hindenes	H	Medlem
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører
Ragnvald Tangedal	AP	Medlem
Hildegunn Bjånes	AP	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Wenche Dåe	Sp	Medlem
Laila Furebotn	Sp	Medlem
Jostein Kvamme Duesund	UR	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
Frode Langhelle	H	Medlem
Kariann Ekren	H	Medlem
Britt Inger Myhr	AP	Medlem
Silje Vågseth Kjetland	Sp	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Malmfred Helge Haukeland	AP	Britt Inger Myhr
Bjarte Dyrkolbotn	H	Frode Langhelle
Astrid Daae	H	Kariann Ekren
John Torsvik	H	Karstein Totland
Stian Sjøvik	Sp	Silje Vågseth Kjetland

Følgjande frå administrasjonen møte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen som og førte møteboka

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2022	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2022	Godkjenning av møtebok
001/2022	Innkomne spørsmål til kommunestyret
003/2022	Saldering budsjett 2022
004/2022	Finansrapportering pr. 31.12.2021
005/2022	Kraftmelding pr. 31.12.2021
006/2022	Framlegg til utbyggingsavtale Risnes tomteområde ved Drageidet
007/2022	Grunnvassundersøkingar sør for Storavatnet ved Andvik
008/2022	Godkjenning av planprogram for kommunedelplan for drikkevatt og avlaup for Masfjorden kommune 2021 - 2033
009/2022	Kommunedelplan for energi og klima for Masfjorden kommune 2021 - 2032
010/2022	Kommunedelplan for trafiksikring for Masfjorden 2021 - 2032 - 2 gangs handsaming
011/2022	Forskrift om jakt etter hjort og minsteareal, Masfjorden kommune, Vestland
012/2022	Delegasjon av mynde til NGIR - DELEGASJON AV MYNDE FOR DELTAKARKOMMUNANE I NGIR.
013/2022	Val av eldreråd - suppleringsval februar 2022
014/2022	Val av Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - suppleringsval febr 2022
015/2022	Referatsak

001/2022: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

24.02.2022 KOMMUNESTYRET

Det vart sett fram forslag om at Geir Egil Haugsvær (Sp) vert valt som varaordførar for dette møte. Kommunestyret samla seg om dette forslaget.

Det vart sett fram forslag om Siri Tangedal Kratzmeier (KrF) og Bjarte Dyrkolbotn (H) til å skrive under møteboka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 001/2022 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

002/2022: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

24.02.2022 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 002/2022 VEDTAK:

Møtebok vert godkjend.

001/2022: Innkomne spørsmål til kommunestyret

Rådmannen sitt framlegg:

24.02.2022 KOMMUNESTYRET

Wenche Dåe (Sp) stilte følgjande spørsmål:

Masfjorden Senterparti etterspør korleis ein ligg an med vedlikehald og drift av brannhydrantane i kommunen vår?

Svar frå rådmann:

Kommunen har god oversikt over brannhydrantane, og det vert utført løpande vedlikehald av dei. Ein hydrant på Matre er utan vatn, og det er ut frå ei kost/ nytte vurdering, at denne ikkje er vorte ordna.

Wenche Dåe (Sp) stilte følgjande spørsmål:

I kommunestyresak 71/2017, 28. november 2017 vedtok kommunestyre at Masfjorden kommune skulle vere ansvarleg for drift og vedlikehald av 9 hjartestartarar rundt om i kommunen.

Vedtaket er slik:

KS - vedtak:

1. Masfjorden kommune tar ansvar for drift og vedlikehald av 9 hjartetartarar i kommunen, 3 i brannvesenet, 4 donert frå IL Bjørn West og 1 tilhøyrande Risnes IL
2. Brannsjefen lagar eit oppslag som ligg/vert hengt opp ved alle dei 9 hjartetartarane der det står at brannsjefen i kommunen skal varslast på tlf 56166200 om dette etter at dei har vore i bruk , slik at den kan få resett startaren.

Me ser at det heng oppslag med informasjon om at kommunen er ansvarleg for desse. No er det observert utdaterte pads i nokre av hjartetartarane.

Spørsmåla våre vert:

Korleis vil kommune følgje opp vedlikhaldet av hjartetartarane?

og

Kan hjartetartarane plasserast i høvelege skåp, slik at det er mogleg å nå dei på utsidan av bygga dei står i?

og

Kan ein registerere hjartetartarane i hjartetartregisteret?

Svar frå rådmann:

GMBR har hatt oppfølging av gjeldande hjartetartarar etter vedtaket i 2017, og sett til at batteri og pads har vore operativt til ei kvar tid. Ein vil halde fram med å sjå til at omtalte hjartetartarar vert fylgt opp og er operativ til ei kvar tid.

Det er innhenta tilbod på slike skap. Eit skap kostar fem tusen kroner. I tillegg kjem eventuell elektroinstallasjon om det ikkje er stikkontakt i nærleiken. Skapa må ha straum.

Hjartetartarar som kan registrerast i hjartetartarregisteret må vera tilgjengelege for alle. Startarane i GMBR kan ikkje vera tilgjengelege for alle. Hjartetartarane som er på dei private bygga kan registrerast, men då må dei vera tilgjengelege for alle. Om finansieringa av utvendig skap kjem på

plass kan rådmannen syta for å få kjøpt desse, få skapa montert og startarane registrert i registeret.

Interpellasjon får Laila Furebotn (Sp)

Då eg før jul vart kalla inn til SU møte på Matre skule fekk eg litt orientering om korleis ståa er der. Rektor fortel om positive elevar trass «åresvis» med koronareglar og kohortar, som omtrent endra seg for kvar pressekonferanse ein periode. Dei skryter og over elevane sin oppførsel på skulen, og det er so å sei ingen hærverk/øydeleggingar.

Det er to ting både tilsette ved skulen og elevane tenkjer er spesielt viktig at kommunen tek tak i. Det eine er busstoppen ved skulen, evt mangel på busstopp. Dette har vore ei utfordring og vore jobba med lenge, men ikkje vorte noko betre etter at det kom ny bru mellom skule og barnehage. Bussane lyt stoppa i vegen ved av/på stigning. Dette fører til at elevar, bilar og bussar hamnar i ei go smørje utanfor skulen morgon og ettermiddag, og farlege situasjonar oppstår. Her håpar me at me kan få ei rask og trygg løysing på plass!

Det andre er skulebygningen. Det vil sei den delen som er frå 1968. (småskulen og mellomsteget)

Her er det stort etterslep på vedlikehald. Elevane nemner fleire ting, bla I klasseromma er vindauga sett opp som rømmingsveg ved evt brann, men desse har ikkje lete seg opna på lenge. Den delen av bygget som rommar bla sløydalen, vert ofte stengt ned om vinteren. Dette fordi de vert so kaldt der at det til tider frys på innsida av glasa...

Me veit at etterslepet på vedlikehald på kommunale bygg er større enn me skulle ynskja, og at det vert sett av pengar til både skule og barnehage. Men at Masfjorden si «framtid» lyt ha boblejakka på i timane vinterstid alternativt stenga ned ein del av skulen bør me klara å unngå.

Håpar me kan prioritera eit løft for skulane og barnehagane i kommunen.

Svar frå rådmann:

Dette er tiltak som det vert jobba med, på generell basis og som ein håper rekneskapsresultat 2021 kan bidra positivt til å styrke avsetjing/midlar til vedlikeholdstiltak – og viser i denne samanheng til protokoll etter formannskapsmøte 1.11.21.

Interpellasjon frå Geir Egil Haugsvær (Sp):

Masfjorden Senterparti ynskjer at rådmannen greier ut om det er mogleg for Masfjorden kommune å selge deler av konsesjonskrafta si til fastbuande eller alle med adresse i Masfjorden. Dei høge straumprisane som er no har gitt mange økonomiske utfordringar, og dersom me kan sikre at innbyggjarane våre slepp dei høge toppane i prisane vil det vere flott. Dette kan også bidra til at me vert ein meir attraktiv kommune å busetje seg i. Me ser føre oss ein modell der ein krev spot-pris for straum med ein minstepris og ein makspris. T.d mellom 30 og 70 øre pr kw/t

Svar frå ordførar:

LVK i regionmøte 26.januar 2022 «fraråda kommunane på det sterkaste» at ein inngår ordningar som tilgodeser innbyggjarar med økonomiske midlar, og i enno større grad skapar forskjellar mellom kommunar i ein region. På sikt vil det undergrave konsesjonskrafta i vertskommunar, og utfordre den kompensasjonen kommunane får ved å leggje til rette for vasskraftutbygging. I tillegg vil Masfjorden kommune måtte he eit kraftselskap for å tilby ei slik teneste. Dette kan lett bli ei krevjande oppgåve, utover kommunale tenester. For å imøtekomme interpellasjonen, og diskutere nærare om, eller i kva grad dette skal greiast ut, inviterer ordførar LVK til eit digitalt møte med formannskapet. Kommunestyremedlemmer kan også inviterast inn som deltakarar i møtet.

Svar frå rådmann:

- Straumpriskrisa har ført til at nokre kommunar har vedteke lokale tiltak og tilpassinga, desse lokale tiltak vert sterkt frå rådd frå vår eigen interesseorganisasjon LVK, som meiner at slike tiltak inneber «sager over den greina ein sitter på»

Utfordringa;

- Har ikkje eige distribusjonselskap lenger (MKK)
- Må opprette eige selskap og tilsette personal til å følgje opp
- Kan først skje ei tid fram – 2022 rettar disponert
- Kva ved straumprisar på 2020 nivå
- Garantiansvar
- Undergrev ordninga med rettar vertskommune for kraft
- Kraftinntektene til vertskommunane stadig under press – og sender feil signal
- Det er staten og dei store eigarkommunane som får den store gevinsten, ikkje vertskommunane for kraft
- Setter eige tenestetilbod i spel,

Utfordrar heller Masfjorden kommunestyre å sende ein uttale til regjeringa med flg. innhald:

Lågare staumpris - til alle

Dei ekstreme straumprisane i Sør-Norge ser ut til å var lenge, og foreslår følgjande strakstiltak:

- Innføring av ein generell midlertidig støtte til alle sluttbrukarane – og næringslivet
- Innslagspunktet vert sett til 45 øre/kWh, eks el-avgift og mva
- Tiltaket er midlertidig og varer berre så lenge vi har ei priskrise

Tiltaket er i tråd med norsk lov og EU-rettem, sjå EU Kommissjonens uttale 13.oktober 2021 kor det blant anna heiter: «Generelle foranstaltningar, der hjelper alle energiforbrukere i like stor udstrækning, udgør ikke statsstøtte. Sådanne ikke selektive foranstaltninger kan f.eks tage form af skatte- eller afgiftslempelser, en nedsat sats for levering af naturgas, elektricitet eller fjernvarme.»

Det haster med å innføre tiltak som også omfatter næringslivet.

Etter ei drøfting landa eit samstemt kommunestyre på å gje ein uttale kring makspris til regjeringa og deltaking i eit snarleg lvk møte om saka kor alle repr vert invitert.

KS - 001/2022 VEDTAK:

003/2022: Saldering budsjett 2022

Rådmannen sitt framlegg:

Driftsbudsjett 2022 vert endra i samsvar med vedlagt bevillingsoversikt drift.

20.01.2022 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 016/2022 VEDTAK:

Driftsbudsjett 2022 vert endra i samsvar med vedlagt bevillingsoversikt drift.

24.02.2022 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 003/2022 VEDTAK:

Driftsbudsjett 2022 vert endra i samsvar med vedlagt bevillingsoversikt drift.

004/2022: Finansrapportering pr. 31.12.2021

Rådmannen sitt framlegg:

Finansrapport pr. 31.12.2021 vert teken til vitring

4,2 mill.kr. av avkastninga pr. 31.12.21 vert avsett til fond, bufferfond for finansplasseringane

15.02.2022 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 023/2022 VEDTAK:

Finansrapport pr. 31.12.2021 vert teken til vitring

4,2 mill.kr. av avkastninga pr. 31.12.21 vert avsett til fond, bufferfond for finansplasseringane

24.02.2022 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 004/2022 VEDTAK:

Finansrapport pr. 31.12.2021 vert teken til vitring

4,2 mill.kr. av avkastninga pr. 31.12.21 vert avsett til fond, bufferfond for finansplasseringane

005/2022: Kraftmelding pr. 31.12.2021

Rådmannen sitt framlegg:

Kraftmelding pr. 31.12.2021 vert teken til vitring

15.02.2022 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 024/2022 VEDTAK:

Kraftmelding pr. 31.12.2021 vert teken til vitring

24.02.2022 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 005/2022 VEDTAK:

Kraftmelding pr. 31.12.2021 vert teken til vitring

006/2022: Framlegg til utbyggingsavtale Risnes tomteområde ved Drageidet

Rådmannen sitt framlegg:

15.02.2022 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 026/2022 VEDTAK:

Masfjorden kommune godkjenner den framforhandla utbyggingsavtalen med føretaket Heide I AS dagsett 8.2.2022 knytt til Risnes tomteområde ved Drageidet, som inneber m.a.

- Masfjorden kommune kjøper 7 tomtar til ein samla pris på kr. 3.150.000 (jf. Pkt. 2.9 I avtalen)
- Masfjorden kommune utbetaler tilskot tilsvarande mva. på 1,3 mill.kr., og forskotterar mva., og inngår avtale om justeringsrett med utbyggjar, slik at kommunen får mva. att over 10 år.
- Ferdigstillingsdatoen for tomtar som kommunen skal overta vert sett til den 31.12.2023

24.02.2022 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 006/2022 VEDTAK:

Masfjorden kommune godkjenner den framforhandla utbyggingsavtalen med føretaket Heide I AS dagsett 8.2.2022 knytt til Risnes tomteområde ved Drageidet, som inneber m.a.

- **Masfjorden kommune kjøper 7 tomtar til ein samla pris på kr. 3.150.000 (jf. Pkt. 2.9 I avtalen)**
 - **Masfjorden kommune utbetaler tilskot tilsvarande mva. på 1,3 mill.kr., og forskotterar mva., og inngår avtale om justeringsrett med utbyggjar, slik at kommunen får mva. att over 10 år.**
 - **Ferdigstillingsdatoen for tomtar som kommunen skal overta vert sett til den 31.12.2023**
-

007/2022: Grunnvassundersøkingar sør for Storavatnet ved Andvik

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune løyver krone 900.000,- til vidare arbeid med grunnvassundersøkingar sør for Storavatnet. Midlane vert finansiert av unytta midlar 2021/disp.fond.

20.01.2022 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 006/2022 VEDTAK:

Masfjorden kommune løyver krone 900.000,- til vidare arbeid med grunnvassundersøkingar sør for Storavatnet. Midlane vert finansiert av unytta midlar 2021/disp.fond.

24.02.2022 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 007/2022 VEDTAK:

Masfjorden kommune løyver krone 900.000,- til vidare arbeid med grunnvassundersøkingar sør for Storavatnet. Midlane vert finansiert av unytta midlar 2021/disp.fond.

008/2022: Godkjenning av planprogram for kommunedelplan for drikkevatt og avlaup for Masfjorden kommune 2021 - 2033

Rådmannen sitt framlegg:

Planprogram for kommunedelplan for drikkevatt og avlaup for Masfjorden kommune 2021 – 2031 vert godkjent.

Det vert vist til vedlagde planprogram dagsett 03.01.2022

20.01.2022 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 009/2022 VEDTAK:

Planprogram for kommunedelplan for drikkevatt og avlaup for Masfjorden kommune 2021 – 2031 vert godkjent.

Det vert vist til vedlagde planprogram dagsett 03.01.2022

24.02.2022 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 008/2022 VEDTAK:

Planprogram for kommunedelplan for drikkevatt og avlaup for Masfjorden kommune 2021 – 2031 vert godkjent.

Det vert vist til vedlagde planprogram dagsett 03.01.2022

009/2022: Kommunedelplan for energi og klima for Masfjorden kommune 2021 - 2032

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune godkjenner revidert planprogram for kommunedelplan for energi og klima for Masfjorden kommune 2021 – 2032.

15.02.2022 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Erlend Kvamsdal (H) ba sette fram følgjande endringsframlegg i planprogrammet:

Punkt 4.3.2 synar referanser til forbigåtte årstall. Må endrast til relevante årstall iht ny plan.

Framlegg til vedtak med endringa i planprogrammet frå H vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 027/2022 VEDTAK:

Masfjorden kommune godkjenner revidert planprogram for kommunedelplan for energi og klima for Masfjorden kommune 2021 – 2032.

24.02.2022 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 009/2022 VEDTAK:

Masfjorden kommune godkjenner revidert planprogram for kommunedelplan for energi og klima for Masfjorden kommune 2021 – 2032.

010/2022: Kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden 2021 - 2032 - 2 gangs handsaming

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova sin § 11-15 kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden 2021 – 2032.

Det vert vist til vedlagt plandokument dagsett 07.01.2022.

20.01.2022 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 010/2022 VEDTAK:

Masfjorden kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova sin § 11-15 kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden 2021 – 2032.

Det vert vist til vedlagt plandokument dagsett 07.01.2022.

24.02.2022 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 010/2022 VEDTAK:

Masfjorden kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova sin § 11-15 kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden 2021 – 2032.

Det vert vist til vedlagt plandokument dagsett 07.01.2022.

011/2022: Forskrift om jakt etter hjort og minsteareal, Masfjorden kommune, Vestland

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune legg ut ny forskrift for jakt etter hjort og fastsetting av minsteareal til godkjenning:

§ 1 Opning av jakt

Det er lov til å jakta etter hjort i Masfjorden kommune.

§ 2. Minsteareal

Minstearealet for hjort er: Sandnes og Frøyset sokn får: 350 daa. Indrefjorden får 400 daa og gjeld frå vald 54 Eikemo/Stallane/Solhaug til grensa mellom Stegalvik og indre Haugsdal.

§ 3 Verknadsdato.

Denne forskrifta trer i kraft 1. januar 2022. Samtidig vert forskrift av 15. juni 1993 nr. 627 revidert i 1994 og på nytt i 2001 om minsteareal for hjortejakt i Masfjorden kommune oppheva.

23.11.2021 TEKNISK UTVAL

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

TU - 018/2021 VEDTAK:

Masfjorden kommune legg ut ny forskrift for jakt etter hjort og fastsetting av minsteareal til godkjenning:

§ 1 Opning av jakt

Det er lov til å jakta etter hjort i Masfjorden kommune.

§ 2. Minsteareal

Minstearealet for hjort er: Sandnes og Frøyset sokn får: 350 daa. Indrefjorden får 400 daa og gjeld frå vald 54 Eikemo/Stallane/Solhaug til grensa mellom Stegalvik og indre Haugsdal.

§ 3 Verknadsdato.

Denne forskrifta trer i kraft 1. januar 2022. Samtidig vert forskrift av 15. juni 1993 nr. 627 revidert i 1994 og på nytt i 2001 om minsteareal for hjortejakt i Masfjorden kommune oppheva.

20.01.2022 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå Teknisk utval val vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 012/2022 VEDTAK:

Masfjorden kommune legg ut ny forskrift for jakt etter hjort og fastsetting av minsteareal til godkjenning:

§ 1 Opning av jakt

Det er lov til å jakta etter hjort i Masfjorden kommune.

§ 2. Minsteareal

Minstearealet for hjort er: Sandnes og Frøyset sokn får: 350 daa. Indrefjorden får 400 daa og gjeld frå vald 54 Eikemo/Stallane/Solhaug til grensa mellom Stegalvik og indre Haugsdal.

§ 3 Verknadsdato.

Denne forskrifta trer i kraft 1. januar 2022. Samtidig vert forskrift av 15. juni 1993 nr. 627 revidert i 1994 og på nytt i 2001 om minsteareal for hjortejakt i Masfjorden kommune oppheva.

24.02.2022 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 011/2022 VEDTAK:

Masfjorden kommune legg ut ny forskrift for jakt etter hjort og fastsetting av minsteareal til godkjenning:

§ 1 Opning av jakt

Det er lov til å jakta etter hjort i Masfjorden kommune.

§ 2. Minsteareal

Minstearealet for hjort er: Sandnes og Frøyset sokn får: 350 daa. Indrefjorden får 400 daa og gjeld frå vald 54 Eikemo/Stallane/Solhaug til grensa mellom Stegalvik og indre Haugsdal.

§ 3 Verknadsdato.

Denne forskrifta trer i kraft 1. januar 2022. Samtidig vert forskrift av 15. juni 1993 nr. 627 revidert i 1994 og på nytt i 2001 om minsteareal for hjortejakt i Masfjorden kommune oppheva.

012/2022: Delegasjon av mynde til NGIR - DELEGASJON AV MYNDE FOR DELTAKARKOMMUNANE I NGIR.

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune delegerar mynde til NGIR - DELEGASJON AV MYNDE FOR DELTAKARKOMMUNANE I NGIR.

- Med heimel i LOV-1981-03-13-6: Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven) § 83 får Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS mynde til å treffa enkeltvedtak for å ivareta sine oppgåver etter forskrift om innsamling og handsaming av hushaldningsavfall.
- Med heimel i LOV-1981-03-13-6: Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven) § 83 får Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS mynde til å behandla saker og treffa vedtak om dispensasjonar frå forskrift om innsamling og handsaming av hushaldningsavfall.
- Med heimel i LOV-1981-03-13-6: Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven) § 83 får Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS mynde til å behandla saker og treffa vedtak om dispensasjonar frå plikten til å betala renovasjonsgebyr og til å vedta at ein eigedom er omfatta av tvungen renovasjon.
- Med heimel i LOV-1981-03-13-6: Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven) § 83 får Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS mynde til å behandla saker og treffa vedtak om kontroll og pålegg om endringar knytt til oppsamlingseiningar, hentestader, leveringsstader, køyreveg, åtkomstveg, transportveg og oppstillingsplassar.

22.11.2021 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Nokre forhold ønskjer ein å få avklart med NGIR, og Formannskapet ønskjer å få ei orientering/avklaring før ein gjer innstilling.

FS - 109/2021 VEDTAK:

02.12.2021 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Saka vert utsett.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

KS - 061/2021 VEDTAK:

Saka vert utsett.

24.02.2022 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Det vart sett fram forslag om å utsette saka.

Framlegg til vedtak om utsetting vart samrøystes vedteke.

KS - 012/2022 VEDTAK:

Saka vert utsett

013/2022: Val av eldreråd - suppleringsval februar 2022

Rådmannen sitt framlegg:

Helga Hodne vert vald som medlem i eldrerådet for resten av valbolken 2019 - 2023

17.02.2022 VALNEMNDA

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

VA - 004/2022 VEDTAK:

Helga Hodne vert vald som medlem i eldrerådet for resten av valbolken 2019 - 2023

24.02.2022 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

KS - 013/2022 VEDTAK:

Helga Hodne vert vald som medlem i eldrerådet for resten av valbolken 2019 - 2023

014/2022: Val av Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - suppleringsval febr 2022

Rådmannen sitt framlegg:

_____ vert vald som medlem i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne for resten av valbolken 2019 - 2023

17.02.2022 VALNEMNDA

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak i møte:

- Laila Furebotn (Sp) vert vald som medlem i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne for resten av valbolken 2019 - 2023

Framlegg til vedtak i møte vart samrøystes tilrådd til kommunestyre.

VA - 003/2022 VEDTAK:

Laila Furebotn (Sp) vert vald som medlem i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne for resten av valbolken 2019 - 2023

24.02.2022 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

KS - 014/2022 VEDTAK:

Laila Furebotn (Sp) vert vald som medlem i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne for resten av valbolken 2019 - 2023

015/2022: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

24.02.2022 KOMMUNESTYRET

Referatsaker:

Skriv 1: Avgjerd om utgreiing - grensejustering mellom Alver kommune og Modalen kommune, alternativt Masfjorden kommune

Skriv 2: Masfjorden kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet 30.11.2021

Skriv 3: Skule- og barnehagerute for 2022/23

Skriv 4: Oppdrag om bevaring av verdifull natur i kategori nasjonalpark

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 015/2022 VEDTAK:

Referatsaker vert tekne til orientering

Rett utskrift frå møteboka frå kommunestyret 24.02.21 vert vitna:

Torill Torsvik Størkensen
varaordførar

Siri Tangedal Kratzmeier
kommunestyremedlem

Bjarte Dyrkolbotn
kommunestyremedlem